Fylkesmannen i Oppland

Lom Beitelag v/ Trond Dalsegg
2686 Lom

Lom kommune
2686 Lom

Skjåk kommune
2690 Skjåk

Vågå kommune
2680 Vågåmo

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår dato
	2003/8524 433.52 AJM	

IVERKSETTING AV FELLINGSLØYVE PÅ JERV

Til dykkar brev dagsett den 31.07.03 og 06.08.03 om uttak av jerv i Lom, Vågå og Skjåk kommunar.

Dei to breva tek utgangspunkt i skader i Vågå, Lom og Skjåk kommunar. Fylkesmannen har den 04.08 handsama søknad frå Skjåk beite- og sankelag, og denne vart avslege. Det ser ikkje ut for å vere nye vesentlege opplysningar som angår områda i Skjåk, og fylkesmannen finn det difor riktig å handsame områda i Vågå og Lom her.

Ut frå opplysningane i dei to breva, det som er rapportert frå SNO, og samtaler med Roald Ramen og Terje Marstein den 07.08, kan skadesituasjonen i området summerast opp slik: Det er meldt om 15-16 skadetilfeller i området Liafjellet, i Lom og Vågå kommunar. Av desse er minst 8 dokumentert drepne av jerv, tre av tilfella var ferske den 06.08., og eitt tilfelle den 07.08. Ut over dette er det observert at 10-15 søyer mangler eitt eller fleire lam. Alt tyder på at det er ein skadesituasjon i området som utviklar seg.

Søknaden er handsama med heimel i *Forskrift 30. juni 2000 nr 656 om forvaltning av bjørn, jerv, ulv og gaupe fastsatt ved Kgl. res. 30. juni 2000*, samt Direktoratet for naturforvaltning (DN) sitt brev dagsett 06.06.03. Ifølgje forskrifta er det DN som kan gi fellingsløyve på jerv og fastsette nærare vilkår for eit eventuelt fellingsløyve. I brevet frå DN har fylkesmennene i Sør-Norge fått myndigheit til å sette i verk fellingsløyve på fem jerv i 2003/2004.

Det går fram av brevet frå DN at dei betinga fellingsløyva ikkje gjev ein generell rett til å felle eit rovdyr straks det oppstår skade, men at avgjerda om ein eventuell iverksetting av felling skal byggje på ei heilskapeleg vurdering av skadeomfang og om det er naudsynt for å verne rovviltet, opp mot prinsippet om differensiert forvaltning (jf §1). I dette skjønnet skal det særleg takast omsyn til; storleik og samansetning av vedkommande rovviltbestand, området

Besøksadresse	Postadresse	E-postadresse	Telefon	Sakshandsamar, innvalstelefon
Statens Hus	Serviceboks	postmottak@fm-op.stat.no	61 26 60 00	Arne Johs. Mortensen, 61 26 60 63
Storgata 170	2626 LILLEHAMMER		**Telefaks**	
Lillehammer			61 26 61 67	

sin verdi som beitemark, skadene sitt omfang og utvikling og potensialet for framtidige skader (jf §3). I tillegg, og særleg innafor fastsette kjerneområde eller særskilde forvaltningssoner for rovvilt, skal det leggast vekt på om ein i staden kan gjennomføre førbyggjande tiltak for å avgrense skadene (jf §2).

Målet med eit fellingsløyve er ikkje å regulere ein rovviltbestand, men å felle særskilde individ, knytt til særskilde situasjonar. Fellingsløyvet skal vere retta mot det individet som gjer skade og løyvet skal vere avgrensa til eit avgrensa område, tidsrom og tal på dyr.

Fylkesmannen si vurdering
Fylkesmannen vil først streke under dei formelle vilkåra som må vere fylte for å iverksette eit fellingsløyve, jf overståande. Det er ikkje slik at fylkesmannen kan iverksette felling i eit stort område over eit langt tidsrom, ut frå at det er skader i fleire avgrensa område. Ei skadefelling skal vere retta mot skadevaldar for å stogge ein konkret skadesituasjon og må difor vere avgrensa i tid og rom. Fylkesmannen har difor ikkje heimel (jf brev frå DN), til å sette i verk uttak av jerv i fleire kommunar over eit langt tidsom, slik Lom, Skjåk og Vågå kommune ønskjer. Fylkesmannen har difor teke utgangspunkt i situasjonen på Liafjellet, og vurdert denne opp mot gjeldande forskrift. I denne vurderinga er det lagt vekt på bestandssituasjonen for jerv, det totale skadeomfanget, skaden sin konsentrasjon i tid og rom og området sin verdi som beitemark, jf §3. Desse momenta er vurdert opp mot det ein veit om bestandssituasjonen for jerv og om forskrifta sitt krav om ein differensiert forvaltning.

Bestandsstatus for jerv i Sør-Noreg er betre no enn tidlegare år, og bestanden reknast som levedyktig. Norsk institutt for naturforskning (NINA) har førebels registrert minst 15 ynglingar i Sør-Noreg og dette betrar grunnlaget for å sette i verk felling. Sjølv om skadeomfanget så langt ikkje er høgt, veit ein frå tidlegare at dette vil auka, og det må óg leggast vekt på at det er observert mange søyer utan lam i området. Dette tyder på at tapet er av ein viss storleik og aukande.

Vedtak
Ut frå ei total vurdering i høve til gjeldande forskrift, finn fylkesmannen i denne situasjonen at kriteria for å iverksette felling av jerv er til stades. Skadene er ferske og aukande, og ut frå det ein veit om skader i dette området i tidlegare år, er det grunn til å forvente at skadene vil halde fram og auke. Det beitar mykje sau i området og potensialet for skader er difor høgt.

Ut frå dette, vil fylkesmannen sette i verk felling av ein (1) jerv i Lom og Vågå kommunar. I tillegg til vilkåra i DN sitt brev av 06.06.03, set fylkesmannen følgjande vilkår for løyvet:

1. Fellingsområdet er avgrensa slik: Otta elv frå kommunegrensa mellom Lom og Skjåk ved Bakken, langs Otta austover til Finna sitt utløp i Otta, vidare langs Finna til Honnsjøen og vidare langs bekken til Søre Tjørnin fram til kommunegrensa mellom Lom og Skjåk. Vidare langs denne ned til Otta elv.

2. Fellingsløyvet gjeld for tidsrommet 07.08.03 kl. 12.00 til 17.08.03 kl. 24.00.

3. Det skal kun nyttast våpen og ammunisjon som fyller krava til jakt på storvilt, jf *Forskrift om utøvelse av jakt og fangst*, stadfesta av DN den 22. mars 2002.

4. Med heimel i viltlova sin § 52, siste ledd, gjev DN løyve til bruk av laus hund under freistnad på felling dersom dette er naudsynt. Løyve etter bufelova og/eller reindriftslova må innhentast av fellingsleiar.

5. I alle høve der dyr blir skote på, vert såra eller felt, skal det utan opphald meldast til kommune, fylkesmann og næraste politimyndigheit, jf pkt 4 og 5 i DN sitt brev, samt *Forskrift om utøvelse av jakt og fangst*, nr 150, 22. mars 2002.

6. Løyvet blir gjeve til kommunen/kommunalt oppnevnt jaktlag i dei to kommunane, jf fylkesmannen sitt brev frå 06.06.01. Fylkesmannen bed om at det vert utpeika ein ansvarleg jaktleiar for heile området, som kan rapportere jevnleg til fylkesmannen. Kommunane må sørgje for at alle involverte i fellinga får ein kopi av dette brevet, samt DN sitt brev av 06.06.03, før freistnad på felling vert sett i gang.

Etter avtale kan det gjevast eit vederlag for administrative utgifter på inntil 15 000 kr ved iverksetting av fellingsløyve fyrste gong. Sidan deltaking i fellingsforsøket er frivillig, kan det ikkje gjevast vederlag eller løn til deltakarane, og i kommunar der medlemmer i viltnemnd/fallviltnemd ønskjer å delta, må dette skje på frivillig basis.

Dette vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova innan tre veker, jf «Rett til å klage over forvaltningsvedtak», som er lagt ved. Ei eventuell klage rettast til DN, men vert å sende via fylkesmannen.

Kristin Hille Valla

Ellen-Birgitte Strømø
Avdelingsdirektør

VEDLEGG

Kopi til:

Direktoratet for naturforvaltning
SNO v/Esben Bø, Postboks 94, 2688 Lom
Oppland Bondelag
Oppland Bonde- og Småbrukarlag
Opplans Sau- og Geitalslag
Fylkesveterinæren for Hedmark og Oppland
Fylkesmannen i Hedmark, miljøvernavdelingen
Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, miljøvernavdelingen
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelingen
Fylkesmannen i Buskerud, miljøvernavdelingen
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelingen
Rovviltkontakter i Oppland
Oppland Jeger- og fiskerforbund, Stortorget 1, Pb 124, 2601 Lillehammer
Naturvernforbundet i Oppland, Storgata 89, Pb 368, 2601 Lillehammer
WWF – Norge, Postboks 6784 St. Olavs plass N-0130 Oslo
Foreningen Våre Rovdyr, Postb 195 N-2150 Årnes
Fo lkeaksjonen for en ny rovviltpolitikk, Boks 40, 7701 Steinkjær
Fellesaksjonen For Ulv v/Ener Borg, Konvallveien 34, 0875 Oslo
Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelingen